# Adam og Eva

Ref:. 1. Mos 3

Tekst og melodi: Magne Tangen 2005




**Refreng 1:**
Adam! Eva! Kor e du nå?
Synda har øydelagt
Adam! Kom fram og sjå nå
Kva har du gjort nå?
Alt har gått galt

**1.vers**
Adam og Eva åt av eit tre
Gud forbaud å eta av det
Dei blei frista, det var så flott
Slangen lurte dei med litt godt

**Refreng 1**

**2. vers:**
Adam og Eva gøymte seg vekk
Skamfull, nakne, redde begge
Gud, Han ropte: Kor è du nå?
Adam skulda på Eva då

**3. vers:**
Nå blei det slutt på Paradis
Begge gjorde mot Guds vilje
Ut av hagen, bort frå sin Gud
Det var syndens bitre pris

**Refreng 1**

**4. vers:**
Me er alle slike som dei
Gjer så mykje mot Guds vilje
Kan sjå godt ut – fristande flott
Slangen lurer oss hjerterått

**5.vers:**
Mange vil så gjerne ha makt
Tråkker ned og sårer andre
Tankelause ord som blei sagt
Mykje kan ha blitt øydelagt

**Refreng 2:**
Adam! Eva! Kor e du nå?
Synda har øydelagt
Adam! Kom fram og sjå nå
Eg vil tilgi deg
Alt som gjekk galt.

**6. vers:**
Jesus, Han ser oss kvar en dag
Syndene som heng så ved oss
Jesus kallar - kallar på meg:
Kom til meg, eg vil tilgi deg